

Planprogram for plan for kultur, fritid og fysisk aktivitet

2021-2032



Austevoll kommune

Innholdsliste

1.	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Formål	4
1.3	Innhald og planavgrensing	5
1.4	Definisjon av sentrale bregrep	6
2.	Rammer og føringar	8
2.1	FN sine berekraftsmål	8
2.2	Nasjonale føringar	9
2.3	Regionale føringar	9
2.4	Kommunale føringar	9
3.	Fokusområde i ny plan	11
3.1	Idrett	11
3.2	Friluftsliv	11
3.3	Fysisk aktivitet	12
3.4	Kultur	12
3.5	Fritid	13
3.6	Universell utforming	13
3.7	Utgreiingsbehov	13
4.	Planprosess	14
4.1	Organisering	14
4.2	Medverknad	15
4.3	Framdriftsplan	16

Framsidedeilete frå øvst til venstre:

«Meditasjonssymjing» – Mette Storebø, «Bære nag» – Thomas Sivertsen, «Musikalen We Will Rock You» – Austevoll ungdomsskule, «Turning i fleirbrukshallen på Selbjørn» – Selbjørn idrettslag, «Tur rundt Vinnesvatnet» – Austevoll frivilligsentral, «Austevoll idrettsanlegg» – Austevoll idrettsklubb, «Austevoll julemusikal» – ukjent, «Loddo» – Stine Emilie Konradsen og «Havfest 2014» – ukjent.



1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I tenesteutvalet 12. november 2020 i sak 20/931 blei det vedtatt at plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, og friluftsliv skal reviderast, og at den nye planen også skal gjelda kulturbygg. Det blei også vedtatt at planen skal ta sikte på å bli meir oppdatert og utfyllande, slik at ein vil kunna sjå meir heilskapleg og samla på ulike bygg og anlegg som skal søkja om midlar i kommunen. Ny plan vil difor heite plan for kultur, fritid og fysisk aktivitet og er ein kommunedelplan.

Anlegg som skal søkja om spelemidlar, må vera omtalt i ein kommunal plan som er underlagt politisk styring i kommunen jf. *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020* kapittel 6 og retningslinjer for tilskot til kulturbygg i Vestland kapittel. 2.8.5.

Plan for kultur, fritid og fysisk aktivitet skal utarbeidast som ein kommunedelplan etter plan- og bygningsloven, og etter § 4.1 skal det som eit ledd i varslinga av planoppstart for alle kommunale planar utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet:

«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.»

Handlingsprogrammet i gjeldande plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturanlegg vil parallelt med utarbeiding av ny plan bli rullert slik at vi fortsett kan søkje om spelemidlar i revideringsperioden. Handlingsprogrammet som ligg i gammal plan vil bli innlemma i ny plan når den skal ligge for endeleg vedtak.



1.2 Formål

Kommunedelplan for kultur, fritid og fysisk aktivitet skal vere grunnlaget for Austevoll kommune sin langsiktige planlegging på områda. Planen skal vere eit overordna politisk styringsdokument, og danna grunnlag for det administrative arbeidet på område.

Planen har også som hensikt å utdjupa mål og strategiar på område som er vedtatt i samfunnsplanen. Korleis kommunedelplan for kultur, fritid og fysisk aktivitet skal bidra til at Austevoll er ein god stad å bu, sikra befolkningsvekst og korleis ein skal gje innbyggjarane opplevingar for livet, skal vera overordna i prosessen med å finna planen sine mål og tiltak.

Formålet med det vidare planarbeidet vil vera å leggja til rette for at alle innbyggjarane i Austevoll kommune skal ha best mogleg føresetnad til å finna ein arena på fritida dei kan meistra gjennom heilskapleg kultur-, fritid- og aktivitetspolitikk for fylgjande område:

Kulturaktivitet

Idrett

Friluftsliv

Eigenorganisert
aktivitet

Kvardagsaktivitet

Universell
utforming og
inkludering



1.3 Innhald og planavgrensing

Kommunedelplanen skal vere ein tematisk plan innanfor samfunnsplanlegging, og blir avgrensa til å handla om kultur, idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet på fritidsbasis. Planen vil leggja føringar for framtidig planlegging, utan at den er juridisk bindande når det gjeld disponering av areal. Eventuelle arealvurderingar som blir gjort i planen må difor takast med i Austevoll kommune sin arealplan, alternativt reguleringsplanar for å få rettsverknad. Planen skal ikkje ta føre seg kulturskule og kulturminne då desse tema blir ivaretatt i eigne planar.

Planforslaget skal blant anna innehalda fylgjande etter anbefalingar gjeven av kulturdepartementet:

- Målsetning for Austevoll kommune si satsting på kultur, idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.
- Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for kultur, idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.
- Målsetting for større utnytting og fleirbruk av eksisterande lokale.
- Resultatvurdering av gjeldande plan med statusoversikt.
- Ei vurdering av langsiktig og kortsiktig behov for anlegg og aktivitet i Austevoll kommune.
- Ei utgreiing for samanhengen med andre relevante og førande planar i Austevoll kommune.
- Prioritert handlingsprogram for utbygging kultur-, idretts-, nærmiljø- og friluftslivanlegg.
- Ei oversikt over kostnadar knytta til drift og vedlikehald av eksisterande anlegg i kommunen.
- Ei oversikt over forventa kostnadar knytta til drift og vedlikehald av dei planlagde anlegga.
- Ei uprioritert liste over langsiktig behov for anlegg for kultur, idrett og fysisk aktivitet i Austevoll kommune.
- Lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftsområde i relevante kart.



1.4 Definisjon av sentrale omgrep

I kommunedelplan for kultur, fritid og fysisk aktivitet skil vi mellom ulike variantar av fysisk aktivitet og kulturaktivitet, då desse kan utøvast i mange samanhengar og på ulike arena.

Idrett

Aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.

Friluftsliv

Å opphalda seg og vera i fysisk aktivitet i friluft på fritida, med må om miljøforandring og naturopplevingar.

Fysisk aktivitet

Ein kvar aktivitet kor ein brukar musklane/kroppen som gjev auka energiforbruk.

Organisert aktivitet: aktivitet som blir driven og leia av nokon, til dømes på eit treningssenter eller gjennom organiserte fjellturar.

Eigenorganisert aktivitet: aktivitet som inneberer at individ sjølv står for planlegginga og gjennomføring av aktivitetane.

Kvardagsaktivitet: aktivitet kor ikkje aktiviteten i seg sjølv eller resultatet av aktiviteten er målet, til dømes det å komma seg frå A til B.

Ordinære anlegg

Anlegg for organisert og uorganisert idrett og fysisk aktivitet. Ordinære anlegg kan vere alt frå fotballbaner til turløyper.

Nærmiljøanlegg

Eit anlegg eller eit område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområder. Med nærmiljøanlegg meinast det berre anlegg ute.



Kulturaktivitet

Brukast om skapande, utøvande og tolkande praksisar der det skapast kunst. Skapande kunst omfattar fleire uttryksformer og sjangrar som til dømes film, teater, litteratur, språk, museum, kulturarv, musikk, dans, scenekunst og visuell kunst.

Kulturaktivitet kan utførast frå to forskjellige perspektiv:

- **Deltakarperspektivet** som er skapande eigenaktivitet via til dømes deltaking i fritidskulturlivet.
- **Tilskodarperspektivet** som er deltaking i- og bruk av profesjonelle kunst- og kulturtilbod som publikum.

Kulturaktivitet delast inn i praksisfeltet og det profesjonelle feltet:

- Praksisfeltet omfattar ulike aktørar som til dømes institusjonar, frivillig- og amatørfeltet og deira virke innan kunst og kultur.
- Det profesjonelle feltet omfattar aktørar og utøvarar som har kunst og kultur som si primære inntektskjelde.

Kulturanlegg

Eigna lokale, bygningar og arena inne og ute som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Døme på slike lokale kan vere kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst.

Fritid

Den tida vi disponerer til fritt val av aktivitetar ein har lyst til å gjere.

Universell utforming

Er å planlegge produkt, omgjevnadar, program og teneste slik at dei kan brukast av så mange menneske som mogleg på ein likeverdig måte. Hensikta er å oppnå like moglegheiter til samfunnsdeltaking og motverka diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne.

Folkehelse


Er befolkninga si helsetilstand og korleis denne fordelar seg i befolkninga. Folkehelse er både fysisk og psykisk, og fysisk aktivitet og kultur kan ha ei positiv påverknad på dette.



2. Rammer og føringar

2.1 FN sine berekraftsmål

Bereftsmåla til FN skal vere den raude tråden i planlegginga i kommunen. Bereftsmåla styrkar fokus på samanhengen mellom bereftdimensjonane. I plan for kultur, fritid og fysisk aktivitet vil vi likevel særleg løfte fram den sosiale og samfunnsbyggjande dimensjonen i FN sine bereftsmål saman med mål 17 – Samarbeid for å nå måla.



2.2 Nasjonale føringar

Kulturlova (LOV 2007-06-29 nr. 89)

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

Meld. St. 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen. Kulturdepartementet har ansvaret for idrettspolitikkk på statleg nivå, og den norske idrettsmodellen har fylgjande visjon: *Idrett og fysisk aktivitet for alle*. Staten sin viktigaste strategi for å dette til er ei auka satsing på idretts- og aktivitetsanlegg. Den viktigaste målgruppa i statleg idrettspolitikkk er barn og unge, men personar med nedsett funksjonsevne og inaktive er også prioriterte målgrupper.

Friluftsløva (LOV 1957-0628 nr. 16)

Friluftsløva regulerer allemannsretten. Formålet er å verna friluftslivet sitt naturgrunnlag og sikra ålmenta sin rett til ferdsel og opphald i naturen, slik at moglegheita til å utøva friluftsliv som ein helsefremjande, trivselskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet blir tatt i vare og fremjast. Friluftsløva definerer innmark og utmark og regulerer forholdet mellom grunneigar og ålmenta, inkludert ferdsel på innmark og utmark. Friluftsløva har i tillegg føresegn om friluftsområde.

Meld. St. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet er klima- og miljødepartementet sitt bidrag til å få endå fleire til å driva med friluftsliv, og få oppleva friluftsliv som ei kjelde til betre helse og høgare livskvalitet. Meldinga omfattar tiltak og føringar innanfor både motivering og rekruttering til friluftsliv, og innanfor forvaltning av område for friluftsliv. Regjeringa vil prioritere friluftsliv i nærmiljøet, slak at alle kan delta. Barn og unge er prioriterte målgrupper.

Andre relevante nasjonale føringar:

- Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (2014)
- Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett fysisk aktivitet 2020 (rullerast årleg)
- Meld. St. 19 (2014-2015) Mestring og muligheter – helse- og omsorgsdepartementet
- Meld. St. 10 (2018-2019) Fr ivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig – kulturdepartementet
- Meld. St. 15 (2017-2018) Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre
- Meld. St. 19 (2018-2019) Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn



2.3 Regionale føringar

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 Visjonen for regional kulturplan er å vidareutvikle Hordaland som ein leiande kulturregion. Visjonen gjev uttrykk for ein ambisjon om å vere grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje, og å ta vare på og utvikle verdier. Kulturlivet i Hordaland skal markere seg på høgt nivå. Visjonen føreset monalege statlege, regionale og kommunale ressursar og samordning av ressursar på tvers av sjangrar, verksemder og forvaltingsnivå. Kultur- og naturarv skal bevarast, tradisjonar vidareutviklast og utfordrast og nye uttrykk skal skapast.

Regional plan for folkehelse – fleire gode leveår for alle 2014-2025 Det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseskilnader.

2.4 Lokale føringar

Samfunnsdel til kommuneplanen 2013-2024 Eit av hovudmåla i planen er at kommunen skal vere ein attraktiv bustadkommune med gode oppvekstvilkår og eit rikt kultur- og aktivitetstilbod. Vidare står det at Austevoll kommune ønskjer at kommunen sine lag og organisasjonar får rom for vidare utvikling innafor alle felt i frivilligheitssektoren.

Arealdel til kommuneplanen er kommunen sitt øvste juridisk bindande arealplandokument. Arealvurderingane som blir gjort i kommunedelplan for kultur, fritid og fysisk aktivitet må difor takast inn i kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplanar for å få rettsverknad. Kommunen sin arealdel er gjeldande fram til ny plan er vedtatt.



3. Fokusområde i ny plan

For å skapa best moglege føresetnadar for at Austevoll kommune sine innbyggjarar skal ha moglegheit til å kunna driva med aktivitetar som dei kan meistra, er det viktig at Austevoll kommune sikrar innbyggjarane gode rammevilkår. Gode rammevilkår inneberer blant anna god tilgjengelegheit til arena som er lagt til rette for fysisk aktivitet og kulturaktivitet. Ny plan vil difor ta føre seg to kategoriar innanfor dei forskjellige tema – aktivitet og anlegg.

Planen skal innehalda oversikt over aktivitetar og oversikt over eksisterande anlegg og arena, og denne oversikta skal rullerast årleg saman med handlingsprogrammet. På denne måten vil vi helda betre oversikt over kva me har, og kva vi treng i framtida.

3.1 Fokusområde idrett

Idrettsanlegg

- Behovsretta anleggs- og arealpolitikk
- Tilgjengelege idrettsanlegg

Aktivitet

- Rammevilkår for idrettslag (tilskotsordningar og driftstilskot)
- Barne- og ungdomsidretten (fråfalls- og fattigdomsproblematikken)
- Idrettsarrangement
- Inkludering og integrering

3.2 Fokusområde friluftsliv

Friluftslivanlegg

- Sikre attraktive areal for fysisk aktivitet og friluftsliv
- Tilgjengelege friluftslivområde og turløyper
- Inkludering og integrering

Aktivitet

- Samarbeid mellom aktørar innanfor friluftsliv
- Næring og friluftsliv
- Tur der du bur – tilrettelegging av snarevegar



3.3 Fokusområde fysisk aktivitet

Anlegg for fysisk aktivitet

- Rekkeviddeplan for bustadar
- Mindre nærmiljøleikeplassar (rekkefylgjekrav)
- Skulen som nærmiljøarena
- Gang- og sykkelveggar (aktiv transport)
- Sikre attraktive areal for fysisk aktivitet
- Møteplassar ute

Aktivitet

- Rammevilkår for frivilligheita (tilskotsordningar og driftstilskot)
- Skulen som nærmiljøsender

3.4 Fokusområde kultur

Anlegg for kulturaktivitet

- Behovsretta anleggs- og arealpolitikk
- Fleirbruk og meirbruk av eksisterande anlegg

Aktivitet

- Rammevilkår for frivilligheita (tilskotsordningar og driftstilskot)
- Barne- og ungdoms aktivitet (fråfall og barnefattigdom)
- Inkludering og integrering

3.5 Fokusområde fritid

Fritid

- Fritidserklæring
- Lag og organisasjonar

3.6 Universell utforming

Universell utforming

- Like moglegheiter for bruk – eit samfunn utan barrierar
- Inkludering

3.7 Utredningsbehov

Utredningsbehov

- Kartlegging av aktivitet
- Anleggsdekning
- Anleggs- og arealbehov
- Økonomiske barrierar
- Aktivitetar gjennom frivillige lag og organisasjonar
- Universell utforming
- Drift og vedlikehald av anlegg
- Medlemstal og fråfall frå organisert idrett og kulturaktivitet
- Avstand frå heim til anlegg
- Kommunale tilskot – oversikt, korleis har ordninga stimulert til aktivitet fram til i dag, utfordringar og vegen vidare for ordninga.



4. Planprosess

4.1 Organisering

Kommunedelplan for kultur, fritid og fysisk aktivitet må forankrast i heile organisasjonen, både politisk og administrativt. Det er difor ynskjeleg å ha referansepersonar frå aktuelle verksemdar og underliggande team samla i ei arbeidsgruppe. Arbeidet med revidering av planen vil bli leia av representant frå rådmannen sin stab, med representantar frå helse, oppvekst og utvikling og forvaltning.

Arbeidsgruppe	Ressursgruppe	Styringsgruppe
<ul style="list-style-type: none">• Folkehelsekoordinator – rådmannen sin stab• Kulturkoordinator – oppvekst• Frivilligkoordinator – helse• Egedomsforvaltar – utvikling og forvaltning• Leiar FDV – utvikling og forvaltning	<ul style="list-style-type: none">• Planleggar• Flyktningkoordinator• Idrettsrådet• Musikkrådet• NFU• Turlaget• Bergen og omland friluftsråd• Eldrerådet• Rådet for menneske med nedsett funksjon• Ungdomsrådet• Vestland fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none">• Kommunalsjef oppvekst• Kommunalsjef helse• Kommunalsjef utvikling og forvaltning

Andre ressurspersonar kan bli inkludert ved behov.




4.2 Medverknad

Krav om medverknad er forankra i plan- og bygningsloven. Det skal leggast opp til medverknad tidleg i planprosessen, både i arbeidet med sjølve planen og i arbeidet fram mot eit ferdig vedtatt planprogram. Både planprogrammet og planforslaget skal leggast ut til offentleg ettersyn for ålmenta. Det har i arbeidet med planprogrammet blitt sendt ut brev frå kommunen til diverse lag og organisasjonar med oppmoding om å komma med innspel til planprogrammet før det blir sendt ut på høyring.

Særlege interesserte partar vil vidare i arbeidet med revidering av planen bli invitert til å komma på arbeidsmøte etter at planprogrammet er vedtatt. Det bør leggast opp til ein open medverknadsprosess kor alle interesserte og råka partar skal ha fleire moglegheiter til å komma med innspel undervegs i det vidare planarbeidet.

Grupper som ein må fokusera spesielt på under medverknadsprosessen er:

- Barn og unge
- Eldre
- Menneske med nedsett funksjonsevne



4.2 Framdriftsplan

Tidspunkta i planen er førebelse, då det kan verta behov for å utviding av revideringsperioden.

Planprogram	2021				2022			
	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4
Utarbeide planprogram								
Varsling om oppstart/vedtak om offentlig ettersyn								
Høyring/medverknad								
Handsaming av innspel								
Politisk vedtak planprogram								
Kunngjering av planprogram								
Kommunedelplan for kultur fritid og fysisk aktivitet								
Kartlegging og kunnskapsinnhenting								
Medverknad								
Handsaming av innspel								
Vedtak om offentlig ettersyn								
Dialogmøte								
Handsaming av utsegn								
Vedtak av kommunedelplan for kultur, fritid og fysisk aktivitet i kommunestyret								

